



Fornyings- og Administrasjonsdepartementet
Postboks 8004 Dep

0030 Oslo

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET
30 MAI 2008
ARKIVKODE: 411
SAKSNR 200800301-84

DYKKAR REF:

VÅR REF:

SAKSHANDSAMAR:

ARKIVKODE:

DATO:

2008/383 - 4

Karl Bjørnar Ballestad

203

29.05.2008

HØRINGSUTTALELSE-NOU 2007:12 OFFENTLIG INNKREVING

Åseral kommune går imot ei statliggjøring av innkrevjing av offentlige krav.

Åseral kommune går i mot at flertallet sin konklusjon i NOU 2007:12 offentlig innkreving.

I kommunestyremøte den 22. mai 2008 sak nr 31 vedtok kommunestyret å sende inn ein høringsuttale som støtter opp om KS og NKK momenter mot statliggjøring.

Kommunen meiner at følgjande punkter taler mot ei sentralisering av innkrevjing av offentlige krav:

- Sterk sentralisering
- Provenytap både for stat og kommuner
- Innkrevingssmiljøer i kommunene svekkes
- Brudd i verdikjeden fører til dårligere brukerorientering
- Kommunale oppgaver overføres til staten
- Kommunalt selvstyre reduseres
- Betydelige overgangskostander


Siden Noreg er i verdenstoppen i innkrevjing av skatt så kan ein ikkje sjå at det er noko for fordel med å endre eit system som fungerer bra. Det er viktig å ha lokalkunnskap, vi er redd for at ved ei statliggjøring av innfordringa vil det bli ein høgare terskel for debitor å komme i dialog med den nye innfordringsetaten.

Her i Åseral er det ikkje noko fungerande boligmarked slik at verdien på eit hus er halvparten av byggekostnaden. Viss ein då tvangs selger huset før ein har prøvd komme til ein avtale med skyldneren så vil debitor sitte igjen med ei betydelig gjeld etter at huset er tvangs solgt og utan mulighet til å bygge nytt. Desse vil då komme på sosialbudsjettet til kommunen.

Krav til effektivitet og ressursbruk i den nye innfordringsetaten vil føre til at denne ikkje har tid til å drive med ei debitortilpassa innfordring og vil følgelig bruke tvang ved innfordring av krav.

Vi håper at FAD tar hensyn til vår uttale og ikkje følger opp flertallet sin konklusjon i NOU 2007:12, offentlig innkreving.

Med helsing



Åseral kommune
Karl Bjørnar Ballestad
økonomisjef

1 Vedtak i kommunestyret 22. mai 2008

**HØRING-OFFENTLIG INNKREVIING**

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
203	2008/383	Karl Bjørnar Ballestad	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
08/31	Kommunestyret	22.05.2008

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev NOU 2007:12 Offentlig innkreving
- 2 Offentlig innkreving (NOU 2007:12) - la staten høre hva kommunene mener
- 3 NKK-OPPSUMMERING NOU 2007:12

Bakgrunn:

Fornyings- og administrasjonsdepartementet oppnevnte i 2005 et utvalg til offentlig utgreiing av offentlig innkreving. Dette utvalget gav si innstilling 6. november 2007 og departementet sendte utgreinga på høring 20. februar 2008 med høringsfrist 2. juni 2008.

I saka følger det oppsummering frå KS og NKK (Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring). KS har oppfordra kommunene til å avgi høringsuttalelse.

Vurdering:

Åseral kommune støtter opp om KS og NKK sine merknader til NOU 2007:12.

Flertallet i utvalget foreslår at alle krav som ikkje er betalt etter første purring skal overføres til den nye innfordringsetaten. Erfaringer frå Danmark viser at inntektene gjekk ned etter at dei innførte denne ordninga. Sannsynligvis vil det same skje i Norge.

Norsk skatteinnkreving er i verdenstoppen og dei kommunale skatteoppkrevjarene innkrev 99,7% prosent av all utlikna skatt. Meir bruk av tvang istaden for ei debitorstilpassa innfordring vil føre til at denne prosenten blir lågare med ei statlig innfordring.

Ei stadig meir statliggjeriing av etater, NAV, likningskontor etc. fører til dårlig tilbod for brukare i distrikta.

NKK har lista opp følgjande momenter mot statliggjeriing av innkreving:

- Sterk sentralisering
- Provenytap (innteksttap) både for stat og kommuner
- Innkrevingsmiljøer i kommunene svekkes
- Brudd i verdikjeden fører til dårligere brukerorientering
- Kommunale oppgaver overføres til staten
- Kommunalt selvstyre reduseres
- Betydelige overgangskostnader

Vedlagt i saka følgjar det med merknader frå KS og NKK . På bakgrunn av dei lager kommunen ein høringsuttale mot flertallets konklusjon om statliggjeriing av offentlige krav.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret støtter opp om KS og NKK sine merknader mot ei statliggjøring av offentlig innkreving og ber administrasjonen lage ein høringsuttale basert på dei.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.05.2008

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret støtter opp om KS og NKK sine merknader mot ei statliggjøring av offentlig innkreving og ber administrasjonen lage ein høringsuttale basert på dei.